

Utval:	Oppvekst- og kulturutval
Møtestad:	Gjerde barnehage
Dato:	02.06.2016
Tid:	09:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/5	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/6	Rammeplan for Midsund kulturskule	2016/233
PS 16/7	Utvidelse av antall på barnehageplasser ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage barnehageåret 2016/2017	2016/269


Midsund 30.05.2016

Kolbjørn Ove Stølen
Leiar

Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsekretær

PS 16/5 Godkjenning av protokoll

Referatsaker



Utval:	Oppvekst- og kulturutval
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	14.04.2016
Tid:	09:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Kolbjørn Ove Stølen	LEDER	H
Per Steinar Orvik	MEDL	KRF
Anette Giæver Hoel	MEDL	SP
Tonny Bugge	MEDL	AP
Randi Anna Hånes	MEDL	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Inga Kristine Godø	NESTL	V
Rolf Kristiansen	MEDL	FRP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Bjørn Wang	Inga Kristine Godø	V
Sissel B. Henriksen	Rolf Kristiansen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Siv Janne Håseth-Eik	Rådgjevar oppvekst
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær
Ketil Ugelvik	Rådmann
Birgitta Hole	Einingsleiar Gjerdet barnehage
Anita Bugge	Einingsleiar Midsund barnehage

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kolbjørn Ove Stølen

Per Steinar Orvik

Anette Giæver Hoel

Tonny Bugge

Randi Anna Hånes

Bjørn Wang

Sissel B. Henriksen

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/2	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/3	Årsmelding - årsrekneskap	2016/169
PS 16/4	Tilstandsrapport for grunnskolen i Midsund kommune 2015	2016/176

Det vart halde møte i oppvekst- og kulturutvalet 14.04.16 ved Midsund Omsorgsenter.
Møtet vart leia av Kolbjørn Ove Stølen.
Møtet tok til kl 09:00.

Einingsleiar ved Gjerdet barnehage, Birgitta Hole, og einingsleiar ved Midsund barnehage,
Anita Bugge, infomerte utvalet om barnehageopptaket for 2016.

PS 16/2 Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 14.04.2016

Protokoll frå møtet den 03.03.16 vart godkjent.

PS 16/3 Årsmelding - årsrekneskap

Forslag til vedtak:

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2015, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
2. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
3. Finansrapporten per 31.12.2015 vert godkjend.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 14.04.2016

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2015, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
2. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
3. Finansrapporten per 31.12.2015 vert godkjend.

PS 16/4 Tilstandsrapport for grunnskolen i Midsund kommune 2015

Forslag til vedtak:

1. Tilstandsrapporten for grunnskolen i Midsund kommune 2015 tas til orientering.
2. Oppvekst og kulturutvalget får mandat til å utarbeide lokale mål for grunnskolen i Midsund kommune.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 14.04.2016

1. Tilstandsrapporten for grunnskolen i Midsund kommune 2015 tas til orientering.
2. Oppvekst og kulturutvalget får mandat til å utarbeide lokale mål for grunnskolen i Midsund kommune.

Møtet vart heva kl 11:45



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2016/233-1
Arkiv: 144
Saksbeh: Åshild Melkeraaen
Dato: 03.05.2016

Saksframlegg

Rammeplan for Midsund kulturskule

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/6	Oppvekst- og kulturutval	02.06.2016
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Ny nasjonal rammeplan «Mangfald og fordjuping» kap. 1 og 2 gjerast gjeldande som generell del av plan for kulturskulen i Midsund frå skuleåret 2016/2017. Denne overordna plana vil danne grunnlag for utvikling av meir detaljerte fagplanar og lokale læreplanar.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Det har vore musikkskule i Midsund sidan 1977. I 2007 vart namnet endra til kulturskule, og dans vart ein del av tilbodet. Midsund kulturskule har ei viktig rolle i opplæringsystemet innanfor kunstfag og i det lokale kulturlivet. Skulen har hatt ein sterk vekst sidan oppstarten, og har no om lag 170 elevplassar fordelt på ulike fag.

Midsund kulturskule har hatt egne vedtekter, men det har ikkje vore utarbeida planverk for skulen. Dei siste åra har vi venta på at arbeidet med ein nasjonal rammeplan for kulturskular skulle bli ferdig, slik at denne kunne brukast som mal for vår lokale plan.

Sidan 1997 har kulturskulane vore heimla i Opplæringslova:

§ 13-6: Musikk og kulturskuletilbod:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles».

Det ligg føre mange offentlege utgreiingar og meldingar som vitnar om eit stort engasjement for skuleslaget, men det ligg ikkje føre bindande forskrifter som seier noko om kva ein kulturskule skal innehalde. Det er soleis opp til kvar kommune å bestemme korleis deira kulturskule skal vere.

Norsk kulturskuleråd har med utviklingsmidlar frå Kunnskapsdepartementet, utarbeidd den generelle delen av ein ny rammeplan for kulturskular, kap. 1 og 2. Denne vart vedteken i 2015, etter ei høyringsrunde mellom kommunane og andre instansar.

Innhaldet i plana:

Den generelle delen av plana inneheld 2 kapittel:

- Kapittel 1: Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag
- Kapittel 2: Prinsipp og retningsliner for kulturskuleverksemd

Kapittel 3- Fagplanar for kulturskulane, er under arbeid, og ferdigstillast i løpet av 2016.

Kapittel 4 er under planlegging, og skal omhandle kvalitetskriterier.

I kapittel 1 blir kulturskolen tydeleg forankra i opplæringslova (§ 13-6) og i FNs barnekonvensjon artikkel 30 og 31. Vidare blir det lagt vekt på verdigrunnlaget for kulturskulen, formål og målsettingar. Kulturskulen si rolle som lokalt ressurscenter blir avklara ved å sette kulturskulen inn i ein naturleg sammenheng med grunnopplæringa, men også som viktig samarbeidspart for kulturlivet. Plana skisserer i kapittel 1.7. ei tydeleg organisering av opplæringa der dei ulike faga i kulturskulen organiserast innanfor tre opplæringsprogram: Grunnprogram, kjerneprogram og fordypingsprogram.

I kapittel 2 blir kommunen sitt ansvar som skoleeigar slått fast, skuleleiar sitt ansvar kjem tydeleg fram, og det blir peika på kor viktig det er med samarbeid om eleven si læring. Plana skildrar lærarrolla og lærarprofesjonen. Det blir gjevne klare anbefalingar om kompetansekrav både for lærarar og leiarar i kulturskulen. Det blir lagt vekt på omgrepet kvalitet i kulturskulen, samt lokalt utviklingsarbeid.

Vurdering:

I rammeplana blir det lagt ein del retningsliner som ein vonar vil bli felles for utvikling av kulturskulane over heile landet. Det er grunn til å tru at dei fleste kommunar kjem til å legge denne plana til grunn for utvikling av sin kulturskule, sjølv om den sentralt ikkje kjem til å bli vedteken som forskrift til opplæringslova.

Plana vil gi ei meir forutsigbar utvikling framover. Ikkje minst vil medvit kring lærarrolla og kvalitetsarbeid få stor betydning, samt føringar som gjeld samarbeid mellom kulturskulen og andre institusjonar i kommunen.

Midsund kulturskule har inga gjeldande rammeplan. Denne plana har vore drøfta av kollegiet på personalmøte, og det er semje om at den vil bli eit godt grunnlag for utvikling av kulturskulen framover. Fagplana som kjem (kap. 3 av rammeplana), vil vere eit godt styringsverktøy for den konkrete, faglege utviklinga, når det skal lagast lokale læreplanar for kvart einskild fag.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Plana gir føringar for tilpassa undervisningslokale og vidare/etterutdanning av lærarar. Dette kan medføre kostnader. Elles gir rammeplana gir ingen økonomiske føringar for drift av kulturskulen.

Åshild Melkeraaen

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Rammeplan for kulturskolen- Mangfald og fordjuping del 1 og 2

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2016/269-1

Arkiv:

Saksbeh: Siv Janne Håseth-Eik

Dato: 25.05.2016

Saksframlegg

Utviding av talet på barnehageplassar i Gjerdet barnehage og Midsund barnehage barnehageåret 2016/2017

Utvallsak	Utval	Møtedato
16/7	Oppvekst- og kulturutval	02.06.2016
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1.Midsund kommune tek i bruk 162 plassar ved Gjerdet barnehage og Midsund barnehage frå august 2016 og gjeld for barnehageåret 2016/2017.

2.Kommunestyret vedtar ei auke i rammene slik at Midsund Barnehage får auka ramme med kr. 211.000,- og Gjerdet Barnehage får auka ramme med kr. 425.000,- for budsjettåret 2016. Avsetning disposisjonsfond vert redusert med kr. 636.000

Saksutgreiing:

Midsund kommune eig to barnehagar; Gjerdet barnehage godkjent til 90 plassar og Midsund barnehage godkjent til 54 plassar. Totalt har 144 plassar vore i bruk inneverande barnehageåret. Etter samordna og supplerande opptak ser ein at behova for barnehageplassar er auka da med tanke på dei som har rett på plass etter lova.

Lov om barnehager, § 12a.Rett til plass i barnehage

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag om at også barn født i september eller oktober skal få rett til barnehageplass. *Forslaget skal handsamast av Stortinget i løpet av våren. Det er planlagt at forslaget skal tre i kraft hausten 2016, slik at barn født i september/oktober 2015 vil ha rett til barnehageplass hausten 2016.*

Midsund kommune må ta høgde for at endringa av lova blir vedtatt i Stortinget i juni 2016.

Etter Samordna og supplerande opptak ser enn at dei som står på venteliste utløyser seks plassar etter lovfesta krav, dei 12 resterande plassane er på grunnlag av kommande endringa av lova og andre årsaker som utløyser tildeling av barnehageplass.

Vi ser også i år at vi får fleire 1- og 2 åringar som søker barnehageplass, og at dei aller fleste søker full plass. Det er også i år tilflytting til kommunen.

Gjerdet barnehage og Midsund barnehage har areal til å utvide drifta si, utan at det verken er pedagogisk og/eller sikkerheitsmessig uforsvarlig. Gjerdet barnehage har fleksible lokale og kan ta i mot endringar i barnetal og alderssamanseting.

Utviding av 18 barnehageplassar har ein driftsmessig konsekvens både når det gjeld auke i bemanning og driftskostnader for barnehagane.

Vurdering:

Midsund barnehage og Gjerdet barnehage får utvida talet på barnehageplassar med 18 plassar frå august 2016 for at Midsund kommune skal oppfylle kravet om retten til barnehageplass, Jfr. Lov om barnehager av 2005, § 12 a. Rett til barnehageplass.

Midsund kommune oppfyller kravet om rett til barnehageplass også om lovendringa av § 12 a Lov om barnehager 2005 blir vedtatt i Stortinget juni 2016.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Utviding av 18 plassar gjev ei auke på kr. 636000 for 2016 og kr.986000 for 2017 i netto ramme fram mot nytt barnehageår.

Siv Janne Håseth-Eik
Rådgjevar oppvekst

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: